

Ta sjansen på sykkel, - ein ny publikumsfavoritt

29.05.2014



Ta sjansen på sykkel blir kjempegøy!

Når Damevennene arrangerer Aktivitetsdag i båthamna 14.juni, er det ei betydeleg programendring. HOPP I HAVET som har vore ein enorm publikumssuksess i mange år, vert fornya. I år vert det TA SJANSEN PÅ SYKKEL. Etter å ha vore på prøvekjøringa onsdag ettermiddag, kan vi slå fast at dette kan verte endå kjekkare for publikum!

HOPP I HAVET har samla eit stort publikum kvart år, og vi undrar oss over bakgrunnen for å endra ein slik storsuksess. Arrangørane har ei god forklaring på dette. Dei siste åra har dei slite litt med å få nok deltakarar då det vart litt for krevjande når deltakarane skulle byggja farkostar. Derfor var utfordringa at dei måtte erstatte HOPP I HAVET med ei nytt konsept som skulle krevje mindre arbeid for å delta. I år låner til og med arrangøren ut sykkel til dei som treng det. I tillegg var det viktig at det skal bli minst like kjekt for publikum. Prøvekjøringa viste at dette har lukkast. Resultatet bør verte ein knallsuksess 14.juni.

To av krumtappane bak prosjektet, Oddmund Soldal og Knut Johannes Ripel, har brukt to kveldar på å byggja banen før dei rigga den klar til prøvekjøring i båthamna onsdag. Dei set stor pris på den velvilje Byggeriet Uskedal Trelastlager AS og dagleg leiar Finn Guddal har vist. Dei har sponsa all material, stropper og diverse anna, og i tillegg har dei stilt god arbeidsplass og utstyr til disposisjon på lageret på Vikjo. – Heilt fantastisk! kommenterer Soldal.



Tre krumtappar bak nyskapinga: Byggeriet, Oddmund Soldal og Knut Johannes Ripel

Under prøvekjøringa var Oddmund Soldal «prøvekanin» medan Knut Johannes Ripel styrte kameraet. I tillegg var nokre heldige publikummarar, m.a. ein familie frå London, til stades. Allereie etter første gjennomkjøring var den samstemmige dommen klar. – Dette blir jysla kjekt! Trur dette kan verte endå betre enn HOPP I HAVET! Oddmund kom vel halvveis på banen før han gjekk i vatnet, og lesarane får eit inntrykk av jomfruløpet ved å sjå på bildeserien nederst.

Sjølv om alle var storfornøgde, analyserte Ripel og Soldal løpet nøye, og vurderte kva som kunne betrast både når det gjeld gjennomføring og sikkerhet.

Etter press frå publikum tok Soldal også ei gjennomkjøring til. Denne gongen kom han nesten heilt i mål før han hamna i vatnet. Imponerande!

No trengst det godt med deltakarar for at dette skal verte ein jubeldag! Michael Røssland er ansvarleg for påmelding, og han fortel at det kan gjerast via facebook-sida til Uskedal Aktivitetshus eller på mail til mvros@icloud.com.

Han oppfordrar folk til å gjøre klar kostymer og eventuell kjøredoning, men understrekar at arrangøren vil låne ut sykkel. Røssland lovar svært flotte premiar, og det vert premiert i same kategoriar som føregående år:

- Den raskaste
- Den mest kreative
- Den mest optimistiske

For å vinna nokre av premiane kan det nok vere lurt å stille med eigen sykkel, kanskje?

Sikkert er det i alle fall. Dette kan verte nok ein fulltreffar både for publikum og deltakarar. Kjempegøy, trur vi det blir!







Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Knut Johannes Ripel.